



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 5. oktober 2022

Tilstades:

Toril Lange, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Geir Sørebø.

Ord til opning v/ Geir

Innkalling og sakliste godkjende utan merknad.

Gjennomgang av referat fra møte 14. september

Meldingssaker:

16/22: Sidan sist

- Hausttakkefest, 18. sept, var ei gudst.med masse liv, tre born vart døypte, og det vart delt ut bøker til mange born i ulike aldersgrupper. Konfirmantar deltok. Vi var 106 stk i kyrkja.
- Familie-og aktivitetsdag med konse rt av gruppa NABOEN MIN 1.okt.vart ein suksess. På samlingsstunda i starten var vi 42 personar, timane gjekk med ulike aktivitetar for born (forming og leikar/leiraktivitetar), servering av pølser m/ brød og kaffi. Vi var 55 stk som fekk oppleve ein flott konsert med tett kontakt mellom aktørane og borna.

17/22: Info frå fellesrådet, lite nytt pga utsett møte i HKF

11/22: Invitasjon til bispeturne – Førde kyrkjetun torsdag 27. oktober kl. 17.00/18.00 til 20.30? Påmeldingsfrist: innan fredag 21/10; tilsette og rådsmedlemmer er velkomne.

12/22: Køyring til/frå Helsesenteret i samband med gudstenester – status.

- Geir skal ta opp temaet i samband med andakt på Helsesenteret 6/10.

14/22: Fjerning av benker i kyrkja – status etter teamsmøte

- Kyrkjeverje har hatt møte med representantar frå bispekontoret og riksantikvaren; konklusjon er ikkje gitt enda.

15/22: Kyrkjetenarstillingane og storleik, møte med arbeidsgruppa og kyrkjetenarane.
(evt. som ei vedtakssak) Saka skal opp på møte i fellesrådet 6/10.

Vedtakssaker:

23/22: Gudstenestene vidare

Vi diskuterer rundt kva preg vi ynskjer på ulike gudstenester. Geir har sett opp ein del punkt til ettertanke for kvar einskild korleis EG ynskjer gudstenestene (les Vedlegg). Korleis skal vi få med fleire både tilhøyrarar og aktørar? Ingen vedtak vart gjorde pga diverse som er uavklara.

- Lysmessa – 27. nov – klokkeslettet er framleis ikkje klart – vi ynskjer å tilpasse lysmesse til det andre som skjer i bygda den dagen.
- Gudstenesteplan
Vi hadde god erfaring med utegudsteneste under koronaen. Dette ynskjer vi å ta med i vidare planar. Men førebels er det berre tårnagentgudsteneste 15/1, påskemåltid skjærtorsdag 6/4, konfirmasjon 17/5 i tillegg til eit arrangement i pinsa som er fastlagde. Prestesituasjonen er også uavklara.

24/22 : Mat og prat 9. november.

- Onsdag 9. november skal vi ha ny «Mat og prat» på Alværa, Geir skal innleie. Oppgåver må fordelast på fb, då vi ikkje har nytt møte før dette.

Diverse:

- **Neste møte er onsdag 16. november kl 19.00**
- **Minner også om planlagd Salmekveld 7. desember**

Lavik 5/10 2022

Torunn Styve ref